

# Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 3·Jol 2019  
90. årgang



## Tenn lys i hvermanns gård

### Redaksjon

480 85 754 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

### Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

### Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest

907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest

909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjeverje

917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Keith Griggs, Kantor

970 09 470 | keith@seljordkyrkje.no

Torill Solli Haugen, Diakon

458 05 585 | torill@seljordkyrkje.no

Fra 15.08.2019

### Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden

907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge

975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

### Seljord sokneråd

Berit Lisleåsheim Telnes | 906 91 674

### Heimeside

[www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no)



Magnus Brostrup Landstad skrev i 1856 julesalmen Fra fjord og fjære. Ettertida har kalla denne salmen for Den første norske julesalmen. Eit slikt heidersnamn har salmen fått på grunn av at den er gjennomsyra av biletet frå norsk natur og kultur. Her finn me nemningar frå norsk natur som snø og is og kulde. Og her finn me ein liten setning som oppfordrar til å tenne lys i heimen. Alt dette var ukjende innslag i dei gamle salmane.

Oppmodinga i vers 5 om å tenne lys i heimen – tenn lys i hvermanns gard – er ein refleks av eit mykje vanleg fenomen langs kysten av Noreg – nemleg å tenne lys i stua slik at dei som sigla langs kysten kunne få hjelp til å navigere i vintermørkret, til å finne den trygge og gode leia. Landstad var født og vaks opp langs kysten av Nord Noreg – i Finnmark og Nordland. Moglegheita for at han har henta dette tankegodset frå den delen av landet er såleis ikkje usannsynleg.

Lyrikaren – og salmediktaren – Helge Stangnes dveler lenge og mykje ved dette lysmotivet i diktet Lys langs en fjord. Slik skriv han, i eit utdrag av diktet:

Vi veit at den ætta vi kalle vår eia,  
i elsk og i armod har kysten bebodd,  
og tent sine lampe som fyrlys langs leia  
tel merke før folk som har segla og rodd.

Ja, lysan fra stuen langs verharde strender  
i mørketidslandet har gått som ei bru,  
med spenn over fjorda – lik utstrekte  
hender  
med varme og kraft tel å tåle og tru.

Så kom, la oss tenne små lys før  
kverandre  
som bål imot natt på ei vinterkald jord,  
der frosten skal vike når menneskevarme  
får nå gjennom mørket – som lys langs  
en fjord.

Advent og jol er lysets tid. Me tener lys  
meir enn i noko anna årstid. Lysa minner  
oss om han som kom jolenatta og som sa  
om seg sjølve at han var lyset i verda.

Han som er lyset i verda, sa og ein gong  
til lærresveinane sine: De er lyset i verda!

Det er langt frå kysten av landet vårt, til

innlandsstroka våre her i Seljord. Men  
me kan ta oppfordringa frå Landstad inn  
i vår kvardag, og tenne lys i heimen vår.  
Og me kan tolke vårt lys med orda frå  
Helge Stangnes:

Så kom, la oss tenne små lys før kveran-  
dre  
som bål imot natt på ei vinterkald jord,  
der frosten skal vike når menneskevarme  
får nå gjennom mørket – som lys langs en  
fjord.

Og me kan gjerne gå vidare, og lese orda  
frå Helge Stangnes med forklaring frå ein  
av våre eigne lyrikarar her frå Vest Tele-  
mark – nemleg Haldis Moren Vesaas:

Det er mange ikring deg som frys,  
ver du eit bål, strål varme ifrå deg!

Å vere lys – å tenne lys – er å vere og gjøre  
noko for andre. Då reflekterer med lyset  
frå jolenatta, lyset frå han som er lyset.  
Og desse små lysglimta frå du og eg, kan i  
nesten omgang vere med på å hjelpe andre  
til å finne den trygge og gode leia i livet.

Tenn lys i hvermanns gård.

Gledeleg og god advents- og joletid til  
kvar især.

DHU



## Nytt sokneråd

Seljord har fått nytt sokneråd. For første gong har me eitt sokneråd, og ikkje tre. Det nye soknerådet erstattar dei tre tidlegare sokneråda for Flatdal, Seljord og Åmotsdal. Dessutan vil det gamle fellesrådet bli erstatta av det nye soknerådet. I og med at me no berre har eitt råd, vil det ikkje lengre vere behov for eit fellesråd.

**Etter valet i september, blei samansetnaden av det nye rådet slik:**

**Turid Øverbø, Åmotsdal**

**Bergit Lisleåsheim Telnes, Seljord**

**Kari Synnøve Skoland Rue, Seljord**

**Kjell Hartberg, Seljord**

**Knut Teigland, Åmotsdal**

**Wenche Skogheim, Seljord**

**Dag Aanderaa, Flatdal**

**Agnes Byberg Skårnes, Flatdal**

**Lars Geving, Seljord**

**Hans Christian Knudsen, Flatdal**

**Margit Gudveig Gravir, Seljord**

Dei seks første er faste representantar, medan dei fem siste er vara-

representantar.

Dessutan er soknepresten fast representant av rådet, medan varaordførar Sondre Aasan er kommunal representant, med Marita Byggstøyl Dyrland og Helge Hellesø Lundgren som vara. Kyrkjeverjen er sekretær for rådet.

Soknerådet hadde konstituerande møte 22. oktober 2020. Då vart Berigit Lisleåsheim Telnes leiar, medan Turid Øverbø vart nestleiar.

DHU



Berigit Lisleåsheim Telnes er ny leiar av Seljord sokneråd



# Morgedal Rør as

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 – Postboks 114, 3835 Seljord

# Seljord misjonsforening.

I Seljord har me ein misjonsforening for Det norske misjonsselskap. Me møtest på Misjonshuset den første torsdagen i kvar månad frå kl.17.00 til 18.30.

På møta høyrer me nytt frå misjonsarbeidet, det er ein liten andakt og me syng kjente salmar og songar.

Me ber for misjonærane, og me samlar inn pengar til misjonsarbeidet.

Det er alltid ei god matøkt, og høve til hyggeleg prat rundt borda.

Dersom du lurar på noko eller treng skyss, kan du kontakte leiaren Gudveig Gravir (Tlf. 92444608)

Du er hjartegleg velkommen til møta våre!

Neste møte er torsdag 5.desember.

Våren 2020 har me møte:

**Torsdag 16. januar**

**Torsdag 6.februar**

**Torsdag 5.mars**

**Torsdag 2.april**

**Torsdag 7.mai**

**Torsdag 4.juni**

Helsing Seljord misjonsforening



---

**MIN SALONG**  
**Damefrisør**  
**Seljord tlf 35 05 02 96**

**T.TVEITAN %**

Brøløsvegen, 3840 Seljord

Telefon: 35 05 04 86 – Telefaks: 35 05 04 90

---



**BYGGMAKKER**  
Seljord Elektriske  
Telefon 35 06 50 00

# 150- års jubileum for den fyrste Norske Salmeboka



*Det var sokneprest Magnus Brostrup Landstad som fekk det ærefulle oppdrag å samle stoff, og gje ut den fyrste norske salmeboka. Som me veit var han både salmediktar og folklorist.*

Far hans, Hans Landstad, kom til Vinje som prest då Magnus var ni år. Seinare vart han sokneprest her i Seljord (1819-38). Sjølv vart Magnus Landstad prest både i Kviteseid (1834-40) og Seljord (1840-49).

Han hadde altså barndom,- ungdoms,- og tidleg vaksentid her i Vest-Telemark. Me kan

såleis rekne det for sikkert at fleire av salmane hans har blitt dikta medan han budde i bygdene våre. Då han var sokneprest i Seljord hadde han ei diktarstoge på Skutevollen, der han både dikta nye, og omsette salmar til norsk.

Den fyrste gongen Magnus B. Landstad fekk spørsmål frå kyrkjedepartementet om å lage ei norsk salmebok var i 1848. Då svarte han nei sidan kallet i Seljord var svært arbeidsamt med slitsame embetsreiser i eit område som

strekte seg over seks mil. Han poengterte også at han hadde ansvar for sine 12 born, og drifta av Seljord prestegard.

Etter at han blei sokneprest i Fredrikshald (no Halden), kom spørsmålet frå departementet på ny i 1852. M. B. Landstad svarte nej, men han sette tre vilkår for å ta på seg jobben:

- 1) Han ville ha eineansvaret for salmeboka.
- 2) Han måtte få ein kapellan som kunne avlaste han i prestjobben i Halden.
- 3) Han ville ha 500 Spesiedaler pr. år så lenge arbeidet varte.

Departementet gjekk med på dette fordi ingen andre enn M. B. Landstad var betre skikka til å skrive den første norske salmeboka. Gjennom arbeidet sitt med folkeviser og andre folkeminne hadde han utvikla ei språkkjensle som med sin enkle uttrykksmåte samstemte godt med den folkelege måten å uttrykkje seg på.

Men det skulle vise seg at salmane hans blei for folkelege for dei høge herrar i kyrkje og departement. Då utkastet til salmeboka var klart våren 1861, blei det møtt med ei rekke motførestillingar fordi språket var for simpelt. Det blei til og med hevda at det lukta fjøs av tekstane i salmeboka!

I nokre krinsar var motstanden mot Landstad stor fordi han hadde arbeidd med noko så verdsleg som folkevisene. Dei hevda at han slett ikkje burde få lov til å gje ut ei salmebok.

Men etter mykje motgang gjennom åtte år, blei endelig «Landstads Salmebog» autorisert til bruk i den offentlige gudstjeneste hvor menigheten vedtar dette.»

Dette skjedde 16. oktober 1869, og salmeboka kom i bruk i 1870. Såleis er det

150-årsjubileum i 2020.

Dette vil bli markert med ei nasjonal feiring i Sandefjord (der Landstad var prest etter tida i Halden) 4.-6. september 2020.

Her i Seljord vil jubileet også bli markert på ulike vis. Den første datoен de må merke dykk er tysdag 26. november i år. Klokka 19.00 den dagen kjem Herleik Baklid til Seljord bibliotek for å fortelje om juleskikkar langt tilbake i tida. Jula er vår største høgtid, og vi kan følge tradisjonen svært langt tilbake. Korleis var den førkristne julefeiringa, og kva skjedde med den gjennom kristninga? Korleis førebudde folk feiringa, kva åt dei og korleis feira slekt og familie saman? M. B. Landstad var sentral i innsamlinga av folkeminne i Vest-Telemark. Korleis framstiller han juletradisjonane i vårt område? Arrangementet er eit samarbeid mellom Nasjonalt Landstadsenter, Seljord sogelag, Seljord sokneråd, Seljord bibliotek og USN – biblioteket.

Det vert også høve til å kjøpe dei fire første binda av Landstadskriftene. Dei eignar seg godt som julegåver.

I løpet av våren 2020 kjem bind 5 i bokserien «M. B. Landstad. Skrifter» ut. Dette bindet handlar om arbeidet med salmeboka. Det er Nasjonalt Landstadsenter (tidlegare Landstadinstituttet) som har stått for å få gitt ut denne flotte bokserien som lyfter fram Landstad sin innsats som nasjonsbyggjar. Heile Noreg er han stor takk skuldig!

Når det gjeld arrangement i 2020 bør de fylge med i VTB, Helg og Høgtid, på kyrkjene sine Facebooksider og på heimesida til kyrkja ([www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no))

Berit Lisleåsheim Telnes

## Taraldsmesse 2020

Tradisjonen tru vil det bli arrangert Taraldsmesse i Seljord kyrkje – 12. februar 2020 kl 19:00.

Messa tek til med fakkelprosesjon og song og bøn ved Taraldskyrkja.

Etter prosesjonen blir det messe i kyrkja. Som del av messa vil det bli

gjort ei framføring av ein kortversjon av Draumkvedet. Jon Svartdal vil stå for denne framføringa, og den vil byggje på Maren Ramskeids versjon av kvadet, og følgje tradisjonen etter Endre Sandland.

Velkomen til Taraldsmesse.

DHU



# Organistens Spalte

## JOLEMUSIKK I VÅRE KYRKJER

Jolekonsert i Seljord kyrkje søndag 15. desember kl 18.30

Elevar og lærarar fra Kulturskulen deltek i vår årlege jolekonsert 3. søndag i advent. Kom for å høyre barnekoret, messinggruppa, strykegruppa og unge solistar når dei feirer jol. Eg spelar orgel.

Folkehøgskulens jolekonsert i Seljord kyrkje onsdag 18. desember kl 19.00

Joleftans gudstenester i Seljord kyrkje kl 15.00 og kl 16.00

Vår eigen kyrkjetenar Eilev Bjørge er solist under årets gudsteneste.

Det er gudsteneste i Flatdal kyrkje kl 15.00.

Høgtidsgudsteneste i Seljord kyrkje 1. joledag kl 12.00

Forsangerkoret deltek under gudstenesta. Vi møtes i kyrkja kl 11.00.

Høgtidsgudsteneste liturgi

1. januar kjem nokon endringar i høgmesse-liturgien. Hallelujavers går ut, og vi bruker Tore Aases "Sæle er dei som hører Guds ord" i staden. I tillegg skal Herrens bøn syngast.

Keith Griggs



Møbel og teppeforretning  
Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33

### ALT I INNRAMMING

Ring for avtale  
eller stikk innom

Om oss, bilder og kart:  
[www.rammeforum.com](http://www.rammeforum.com)



RAMME  
F · O · R · U · M

3840 Seljord

Telefon 35 05 02 10



granvin kulturhus  
seljord

Granvin Kulturhus AS

Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80

Epost: [post@gravninkulturhus.no](mailto:post@gravninkulturhus.no)

[www.gravninkulturhus.no](http://www.gravninkulturhus.no)

Minnesamvær, kurs, konferansar

og selskap.

Kontakt oss!

## Fest for gullkonfirmantar

Søndag 20. oktober 2019 blei det arrangert gullkonfirmantfest i Seljord. Av heile konfirmantkullet frå 1969, møtte 14 stykker.

Jubileet blei innleia med messe i Seljord kyrkje. Deretter var det fest med middag, kaffe og mimring på Seljord Misjonshus.

Diakonen vår leia festen, og ho helste også festlyden med ein sjølvskriven prolog. Prologen er publisert på neste side i dette nummeret av Helg & Høgtid.

DHU



Bileta syner litt glimt frå festen på  
Seljord Misjonshus.

---

 **Flatdal Handlaft as**  
**Telemark**

**3841 Flatdal**  
**Tlf 350 57005 Mob 971 53661**  
**[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)**



# Til gullkonfirmatene oktober 2019

Kjære jubilanter fra fjern og nær  
Velkommen til alle, hver især!  
Så fint at DU er her i dag!  
Jeg håper vi får et trivelig lag.

Femti år har passert – du ble voksen og klok.  
Livet lå åpent, som en spennende bok.  
Selv om mye er over, ja sikkert det meste  
Kan det som venter fort bli det beste!

Det som er viktig er gode venner  
Noen å le med, noen du kjenner.  
Og noen å gråte hos når livet er vrangt  
Som lytter og tåler så mye og mangt.

Ord fra konfirmasjonen til deg  
Om Han som er Far går med på din veg.  
At ingenting i livets begynnende høst  
Kan skille deg fra Hans omsorg og trøst.  
Men du har vel også hatt mange gleder?  
Du har opplevd mye, kanskje reist mange steder?  
Rikdom er likevel å ha noen nær  
Noen du er glad i, er kapitalen din der.

Og nå er vi her, og skal kose oss stort!  
Et intervall i en tid som løper så fort.  
Øyeblinket er alt vi har  
Forgyll det, nyt det, lev – og vær snar

Til å spre gode ord, være tilstede!  
Da skaper vi sammen minner og glede.  
Et bål som varmer når kulda kommer  
Fordi hjertet er fylt av lys og sommer!

## Kan små born gå til nattverd

I blant melder dette spørsmålet seg i kyrkja: Kven kan gå til nattverd ? Og i forlenginga av dette, kan gjerne eit anna spørsmål melde seg: Kan små born gå til nattverd ?

Svara på desse spørsmåla er ikkje kompliserte. I kyrkja vår lærer me at dei som er døypte med den kristne dåpen kan gå til nattverd. Difor er me

opne for at små born kan gå til nattverd. I fadderforpliktinga vert det sagt at fadderansvaret mellom anna går ut på at borna skal hjelpast til å delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua. På bakgrunn av dette er born som går til nattverd både heilt naturleg, og ønskjeleg.

DHU



På biletet ser me tre år gamle Nelly gå til nattverd i Seljord kyrkje. Nellys mor – Gry – er fotografen bak biletet.

## Frivillig teneste i kyrkjene våre



Kyrkjene våre er heilt avhengig av mykje frivillig teneste. Me treng til dømes folk som kan vere tekstlesarar, som kan bidra med kyrkjekaffe og som kan vere med og køyre dei som ikkje har anledning til å køyre sjølv.

I dag har me mange frivillige som bidrar med desse og andre oppgåver. Men me

treng fleire.

Dersom du kan tenkje deg til å vere med å gjere ein frivillig innsats, kan du kontakte ein av oss som arbeider i kyrkja. Ring oss, mail oss, eller stikk innom kyrkjekontoret. Me har bruk for deg.

DHU



## Lovnader om kjærleik

Ein handverkar var kjent for ikkje å kome når han hadde lova. Grunngjevinga hans var: «Ein kan ikkje både love og halde på ein gong.» Vi har vel alle gjort våre eigne erfaringar i høve til dei lovnadene vi sjølv har gjeve, og dei som andre har gjeve til oss. Det er ikkje alltid samsvar mellom ord og handling.

Rudolf Nilsen skriv i eit av dikta sine: «Intet er mer som skrift i sand enn løfter om kjærlighet.» Det du skriv i sand, vert ikkje ståande. Vind og bølger viskar skrifta ut. Det blir gløymt for alltid. Skal lovnader ha ein verdi, må dei oppfyllast. Lovnader om kjærleik må få praktiske utslag i handlingar som visar at du er glad i eit menneske.

Når keisar Augustus påbyr at alle skal skrive seg inn i manntal, skriv samstundes Gud seg inn i historia vår ved at Jesus blir født som eit barn. Juleevangeliet startar slik på latin: «Factumest» - fakta er. Ein har sagt at julenatt fekk Gud adresse på jorda.

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda», skriv Johannes.

Ordet fotografere kjem frå gresk og tyder direkte oversett «å skrive med lys». Når Jesus skriv seg inn i verda, teiknar han eit bilet av korleis Gud er, med ord og ikkje minst i konkret handling. Guds lovnader om kjærleik vert synlege når han vert ein av oss. Guds lovnader om kjærleik får sitt aller tydelegaste teikn når Jesus gjev livet sitt for vår skuld. Så høgt er vi elskar av Gud. Gud ønsker å skrive seg endå lengre inn enn i historia vår.

I Austkyrkja seier dei: «Kristus blei det vi er, for at vi skal bli det Han er». Han ønsker å skrive seg inn i våre liv. Det er det som kallast å tru. Trua er ein relasjon til Jesus. Johannes skriv i juleevangeliet sitt: «Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans». Jula fortel oss at Gud ikkje skriv sine lovnader om kjærleik i sand, men i handling.



Med ønske om ei velsignna julehøgtid!

Stein Reinertsen

Biskop i Agder og Telemark

# Jolefest

## Jolefest i Manndal

Det vert tradisjonell jolefest i Manndal søndag 05. januar kl 17:00. Festen byrjar med messe. Deretter vert det joletregang, servering og loddssal.



Vel møtt til jolefest i Manndal 5. januar kl 17:00.

## Jolefest i Åmotsdal

Fjerde joledag er det tradisjonell jolefest i Åmotsdal. Det vert messe i kyrkja kl 17:00, og fest med servering og joletregang på grendehuset etter messa. Soknerådet og Pinsemenigheten Betel samarbeider om arrangementet.

Vel møtt.



Vel møtt til messe og jolefest i Åmotsdal fjerde joledag.

## Open kyrkje i Åmotsdal

Kyrkja i Åmotsdal vil vere open på joleftan kl 11:00 – 13:00. Vil du kome innom og tenne eit ljós i samband med at du er ein tur på kyrkjegarden, er du velkommen til det. Klokka 12:45 vil det vere lesing av joleevangeliet. Vel møtt. DHU

**BYGGMASTER  
T.A. GUSTAVSEN AS**



**TLF. 975 17 817**

**byggmester@live.no**



## FØREMIDDAGSTREFF PÅ SELJORD MISJONSHUS

Den siste fredagen i månaden ber soknerådet inn til foremiddagstreff på misjonshuset i Seljord. Det startar klokka 11.00, og varer i om lag 1,5 time.

Der et me føremiddagsmat saman, det er mykje song og hyggeleg prat. Diakon Torill og /eller Dag Harald prest er med og har ein andakt. Og så er det utloddning av fine gevinstar.

Dersom du treng skyss, kan du gje beskjed til Bergit Telnes, telefonnr.: 90691674.

Håpar å sjå deg på føremiddagstreff!

Siste gongen i 2019 er fredag 29.november.

Våren 2020:

**Fredag 31.januar**

**Fredag 28. februar**

**Fredag 27.mars**

**Fredag 24.april**

Med helsing Seljord sokneråd

## FØREMIDDAGSTREFF FØRSTE HALVÅR AV 2020:

**LANGLIM:**

**19.02. og 15.04.**

**STEINMOEN:**

**07.02. og 03.04.**

**FLATDAL BEDEHUS:**

**18.01., 11.03. og 13.05.**

**FLATDAL SION:**

**12.02. og 08.04.**

**SELJORD:**

**31.01., 28.02., 27.03. og 24.04.**






**Circle K Seljord**

**Varm mat • Bilvask • Tipping  
Dekkverksted • Gass**

Tlf. 35 05 04 88  
Brølusvegen 29, 3840 Seljord



*Nutheim  
Gjestgiveri*

Vi ønsker velkommen!  
Telefon: 35 05 21 43

## Kyrkja på digitale plattformar

Dei aller fleste tenestene i samfunnet i dag er knytt opp til ulike digitale plattformar.

Kyrkja i Seljord har fleire slike plattformar: Alle dei tre hovudkyrkjene våre har eigne profilsider på Facebook. På desse profilane finn du oppdatert informasjon om kva som skjer i kyrkja. Dessutan har me eiga heimeside, som du lett finn ved å skrive [www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no) i adressefeltet på nettlesaren din.

Viktige tenester som registrering av dåp, konfirmasjon og vigslle blir hovudsakleg gjort via nettet i dag

Finn du til dømes ikkje Helg & Høgtid i bladhaugen heime, kan du lett finne dette på heimesida til kyrkja.

Gjer deg først som sist fortruleg med å nytte desse tenestene våre. I framtida er det på desse plattformane du vil finne den hjelpa du treng for å kunne gjere deg nytte av kyrkja sine tilbod.



Kyrkja er på nett. Finn du til dømes ikkje førre nummer av Helg & Høgtid, kan du lett hente det fra på kyrkja sine heimesider ([www.seljordkyrkje.no](http://www.seljordkyrkje.no))

DHU

Aut. Installatør

**Dyrud Elektro AS**

3840 Seljord      Tlf. 35 05 80 80  
[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no)   [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)

**Når du trenger elektriker**

## Slekters gang

### Døpte

#### **Seljord:**

Torgrim Dubrefjord Moen  
Anine Østbø Øverbø

#### **Flatdal**

Solveig Aase  
Lavrans Aase  
Olette Moen Storbekken

#### **Åmotsdal**

Daniel Djuve Sivertsen

### Vigde:

#### **Seljord**

Annifrid Aafløy og Torbjørn Øygarden  
Suzanne Ofte Solås og Alexander Baxevanis  
Linn-Therese Hytten Andersen og  
Hans-Martin Rød

#### **Flatdal**

Hien Pham og Arnstein Stavnheim  
Lisbeth Hemmingsen og Jørn Hegni  
Guro Lien og Terje Gundersen  
(vigde i Svartdal kapell)  
Marie Veslestaul og Magnus Purkær Tjønn  
(vigde i Nutheim kapell)

### Døde:

#### **Seljord**

Eilef H Loftsgarden  
Kari Ulvenes  
Birgit Grave  
Helga Mærde  
Anne Holte Gåsdalen  
Johannes Hovden  
Øyvind Sande  
Kåre Bjåland  
Johannes Aarbakk  
Karen Dorthea Sandsdalen  
Aslaug Skau  
Gunnar Gundersen

#### **Flatdal**

Hans J Aase  
Einar Gotehus

#### **Åmotsdal**

Sigmund Jønnardalen

## Liturgiske endringar i kyrkjene våre

Frå og med 01. januar 2020 vil det bli to mindre endringar i liturgien i kyrkjene våre.

I staden for å ramme evangeliet inn med eit hallelujavers, vil det bli gjennomført ein såkalla evangelieprosesjon.

I evangelieprosesjonen vil evangelieboka bli boren frå koret til skipet, og her – i kyrkjeskipet – vil evangeliet bli lese.

Evangelieprosesjonen vil bli innramma av at liturg og kyrkjelyd syng dette verset:

Sæle er dei som høyrer Guds Ord  
og tek vare på det (2x)  
Halleluja (4x)

Den andre endringa som skal gjerast, er at me skal gå over til å syngje Vår Far – Herrens bøn – i samband med nattverden.

Både desse endringane vert gjort mellom anna for at me skal vere mest mogleg like dei andre kyrkjelydane i Vest Telemark.

### 12 | Evangelium

#### Halleluja/Salme

Evangelielesinga blir innleidd og avsluttet med salme. Kyrikelyden står under halleluja.

Ein kan også ha evangelieprosesjon.

Dersom salme blir brukt, kan ein syng om ein syng heile salmen før lesinga av preiketekst i samband med preika.



# AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00

**Alt i bakevarer**



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder.  
Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, forteljing og song.

## VÅREN 2020:

Tysdag 21. januar

Tysdag 25. februar

Tysdag 24. mars

Tysdag 21. april

Tysdag 12. mai

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset  
(like ved Ungdomsskulen)

# Gudstenester

## 2. s. i advent – 8. desember

Seljord kyrkje kl 11:00. Utdeling adventshelsing 5 og 6 åringar.  
Offer: Kirkens Bymisjon i Telemark.

## 3. s. i advent – 15. desember

Nes bedehus kl 11:00.  
Offer: Nes bedehus  
Seljord kyrkje kl 18:30 jolekoncert ved Kulturskulen

## 4. s. i advent – 22. desember

Nutheim kl 19:00.  
Offer: Ungdomsarbeidet. Kyrkjekaffe.

## Joleftan – 24. desember

Flatdal kyrkje kl 15:00  
Seljord kyrkje kl 15:00  
Seljord kyrkje kl 16:00  
Offer: Kirkens Nødhjelp

## Nyoledag – 25. desember

Høgtidsmesse Seljord kyrkje kl 12:00.  
Offer: Misjonsprosjektet NMS.

## 4. nyoledag – 28. desember

Åmotsdal kyrkje kl 17:00.  
Offer: Betel og kyrkjelydsarbeidet.  
Jolefest på Grendehuset etter messa.

## Nyårseftan – 31. desember

Seljord kyrkje kl 16:00.  
Offer: Kirkens SOS i Telemark

## Kristi openberringsdag – 05. januar

Manndal kapell kl 17:00.  
Jolefest etter messa. Loddosal.

## 2. s. i openberringstida – 12. januar

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## 3. s. i openberringstida – 19. januar

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## 4. s. i openberringstida – 26. januar

Åmotsdal kyrkje kl 11:00. Offer: Misjonsprosjektet NMS.

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



## 5. s. i openberringstida – 2. februar

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer: Misjonshuset.

## Såmannssøndag – 9. februar

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Bibelselskapet.

## Taraldsmesse – 12. februar

Seljord kyrkje kl 19:00. Draumkvedet.  
Offer: Bibelselskapet.

## Kristi forklaringsdag – 16. februar

Inga messe i prestegjeldet.

## Fastelavnssøndag – 23. februar

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer: Diakoniarbeidet.

## 1.søndag i faste – 1. mars

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Misjonsprosjektet NMS.

## 2. søndag i faste – 8. mars

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

## 3. søndag i faste – 15. mars

Kvambekk kl 12:00.  
Offer: Helg & Høgtid.

## Maria bodskapsdag – 22. mars

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Diakoniarbeidet.

## 4. søndag i faste – 29. mars

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Offer: Menighetsfakultetet.

## Palmesøndag – 5. april

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

## Skjærtorsdag – 9. april

Nutheim kl 19:00.  
Offer: Ungdomsarbeidet. Kyrkjekaffe.

## Langfredag – 10. april

Pasjonsmesse Manndal kapell kl 11:00  
og Seljord kyrkje kl 19:00.  
Offer: Kirkens SOS i Telemark.

## Påskedag – 12. april

Høgtidsmesse Seljord kyrkje kl 11:00.  
og Svartdal kapell kl 15:00.  
Offer i Seljord: Misjonsprosjektet NMS.

## 2. søn i påsketiden – 19. april

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Samtalegudsteneste med konfirmantane.  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## 3. søn i påsketiden – 26. april

Åmotsdal kyrkje kl 12:00.  
Tårnagentgudsteneste.  
Offer: Barnearbeidet.

## 4. søn i påsketiden – 03. mai

Flatdal kyrkje kl 11:00.  
Offer: Misjonshøgskulen.

## 5. søn i påsketiden – 10. mai

Seljord kyrkje kl 11:00 og 13:00.  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## Grunnlovsdagen – 17. mai

Seljord kyrkje kl 10:30  
Flatdal kyrkje kl 12:00  
Åmotsdal kyrkje kl 14:30  
Offer: Barnearbeidet.

## Helgetorsdag – 21. mai

Inga messe i prestegjeldet

## Søndag før pinse – 24. mai

Flatdal kyrkje kl 11:00 og Åmotsdal kyrkje kl 13:00.  
Konfirmasjonsgudsteneste.  
Offer: Ungdomsarbeidet.

## Pinsedag – 31. mai

Seljord kyrkje kl 11:00.  
Høgtidsmesse.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.